

1. Du kan inngå brøyteavtale på brokke.com.

- Ved bestilling vel du om avtalen skal gjelde for ein sesong eller prolongere. Ved val av prolongerande avtale godtar du årlege prisjusteringar.
- Ved bestilling godtar du dei til ein kvar tid gjeldande «Brøytevilkår».

2. Hytteeigar har ansvar for å klargjere innkøyrse/tomt før brøytesesong, medio oktober.

- Hytte skal vere tydeleg merka med vegnummer.
- Sjå til at brøytearealet er fritt for materialar, steinar og liknande.
- Brøytestikker skal stå med god avstand til hindringar som vil bli skjult av snø; til dømes terrasse, stabbesteinar, gjerde og portstolpar.
- Brøytestikker må vere på plass medio oktober.
- Ikkje bruk betongklossar eller steinar for å halde brøytestikker oppe, då slikt kan bli dratt inn i fres og gjere skade.
- Hytteeigar er erstatningspliktig ved skade på brøyteutstyr forårsaka av kumlok, stein, materialar o.l.
- Hugs å vedlikehalde stikking gjennom brøytesesongen.
- Tomter som ikkje er tydeleg merka med stikker, blir ikkje brøyta.
- Brøytestikker er å finne i garasjen til Brokke Aktivitet i sentrum, vendt mot Brokke Camping.
- Stikkene kostar kr 15,- pr stk. Bruk betalingskasse i garasje eller Vipps til 540994.

3. Hytteeigar har ansvar for at brøytearealet held god standard med tanke på vegdekke.

- Brøytearealet bør ha eit grusdekke som frys slik at ein unngår å dra med seg singel/stein i snøfresen.
- Kumlok i tun må ikkje stå høgare enn grusdekket.
- Kumlok i fres kan gjere stor skade. Hytteeigar vil i slike tilfelle vere erstatningspliktig.
- Etter første snøfall er det ein fordel å køyre ned snøen slik at det vert danna ein god brøytesole.

4. Hytteeigar har ansvar for å strø/sande eige tun/innkøyrse.

- Strøsand er å finne i sandlageret på Kvisle. Sandlageret ligg på venstre hand på veg opp mot Kvisletoppen, om lag 500 meter frå alpinsenteret. Strøsand er gratis.
- Om du ynskjer kan me strø innkøyrse til hytte etter same frekvens som strøing av fellesveg. Tenesta kostar kr 2.500,- pr. sesong.

5. Brøyteapp.

- Kunde melder ankomst-/avreisedag på brøyteappen.
- Nettadresse: <https://hyttetjenester.net/arrival.php>
- Frist for registrering er kl 18.00 dagen før ankomst.
- Innkøyrse vil bli brøyta innan kl 15.00 på ankomstdagen.
- Bestilling på ankomstdag (sein bestilling) vil kunne medføre brøyting dagen etter.

6. Fastbuande.

- Fastbuande i hyttefelt kan teikne eigen brøyteavtale.
- Avtalen gjev prioritert brøyting, jmf. pkt. 9.
- Avtalen føreset bruk av brøyteappen.

7. Generelt.

- Avtalt brøytenivå er at det skal vere framkomeleg med personbil skodd for vinterføre.
- Det blir brøyta plass til to bilar.
- Sjølv om stikka areal er merka større betyr det ikkje at alt vert brøyta.
- Plass til to bilar vil for nokre tun bety «etter kvarandre», ikkje «ved sida av».
- Ved snøfall vil det i hektiske periodar kun bli køyrt ei brøytestripe inn på tunet.
- Periodevis lyt ein akseptere 20 cm snø.

- Fellesvegar har prioritet før innkøyrser til hytte.
- Det blir normalt ikkje brøyta om natta mellom kl 22.00 og 07.00 (08.00 helg- og høgtidsdagar).
- Det vil innimellom bli utført vedlikehaldsbrøyting av tun utanom bestilling for å handtere store snømengder. I slike tilfeller vert det berre brøyta ei breidde.
- Finrydding vil forekomme med ulike mellomrom gjennom vinteren. Dette inneber å auke breidde av fellesvegar og kryss, samt rydding av siktsoner. Stundom vil innkøyrser og tun også få ei opprydding ut over forventa nivå.
- Fresen blir alltid satt ned med god klaring til garasjeport o.l. for å unngå skade.

8. Tilleggstenester:

- Ved tilkalling av brøytemannskap for utføring av ekstraarbeid med traktor vert kunden fakturert for medgått tid (timepris kr 1.250,- inkl. mva) minimum kr 500,-.
- Ved bruk av traktorskuffe for å fjerne snø etter rydding av tak vert eigar fakturert minimum kr 500,- inkl. mva
- Dersom snømengdene ikkje er større enn at ein tek det ved ordinær fresing vil kunde ikkje bli fakturert.

9. Brøyting - prioritering:

- 1) Fellesvegar blir brøyta etter snøfall heile veka. Sandstrøing av fellesvegar ved isdekke.
- 2) Fellesvegar: Løefjellvegen, Furestøylvegen (hovudvegen), Furestøylslid (til toppen). Kvislelivegen (til parkeringsplassen).
- 3) Hytter under oppføring og fastbuande med eigen avtale.
- 4) Parkeringsplassar (Jarnsverk, Brokkestøylen, Alpinsenter).
- 5) Stikkvegar og hyttetun som har bestilt brøyting

10. Faktura.

- Faktura for brøyting vert sendt ut i januar.

11. Brøytevakt-telefon: 41 50 43 80